

Fra: Hordaland Bondelag <Hordaland@bondelaget.no>
Sendt: 27. november 2014 16:04
Til: postmottak@austevoll.kommune.no; fitjar@fitjar.kommune.no; Post Austrheim; kundetorget@askoy.kommune.no; info.avd@bergen.kommune.no; postmottak@bomlo.kommune.no; postmottak@eidfjord.kommune.no; firma\$post@etne.kommune.no; Postmottak Fedje; postmottak@fjell.kommune.no; postkasse@fusa.kommune.no; postmottak@granvin.kommune.no; post@jondal.kommune.no; postmottak@kvam.kommune.no; post@kvinnherad.kommune.no; Postmottak Lindås; Post Masfjorden kommune; Postmottak Meland; Postmottak Modalen; epost@odda.kommune.no; Postmottak@os-ho.kommune.no; Post Osterøy; Postmottak Radøy; adm@samnanger.kommune.no; post@stord.kommune.no; postmottak@sund.kommune.no; postmottak@sveio.kommune.no; post@tysnes.kommune.no; postmottak@ullensvang.hera.no; postmottak@ulvik.kommune.no; Postmottak Vaksdal; postmottak@vooss.kommune.no; postmottak@oygarden.kommune.no
Emne: Oppheving av kensesjonslova
Vedlegg: Miniseminsar Kensesjonslov.pdf; Oppheving av kensesjonslova.pdf

Oppheving av kensesjonslova

Landbruks- og matdepartementet har gjort framlegg om å oppheve heile kensesjonslova. Høyringsfrist til departementet er 15. januar 2015. Det er ei omfattande høyringsliste, med m.a fylkeskommunar og kommunar, og ei lang rekke organisasjonar, deriblant Norges Bondelag.

Hordaland Bondelag vil handsame høyringa og sende innspel gjennom eigen organisasjon. I tillegg håper vi at kommunane i Hordaland vil gje uttale. Det har aldri vært foreslått at eit så omfattande regelverk vert fjerna utan å bli erstatta av noko nytt. Vi meiner dette er eit forslag som reduserer vår samla matproduksjonsevne. Dette er lite framtidsretta og avgrensar vår nasjonale handlefridom. Dette er ei endring som ikkje tar omsyn til dei aktive bøndene, men til grunneigarane som vil *ut* av næringa.

Det er i samfunnet si interesse å legge til rette for eit familielandbruk, basert på personleg eigarskap til areala. 2014 er utpekt til familiejordbrukets år av FN, nettopp fordi FN ser at familiejordbruket er den mest effektive og beste måten å produsere mat på. Å fjerne kensesjonslova legg til rette for investorar med andre intensjonar enn matproduksjon.

Hordaland Bondelag ønskjer ikkje at kensesjonslova skal opphevast. Vi ønskjer ei heilskapleg gjennomgang av eigedomslovverket med sikte på forbetringar.

Lykke til med den politiske handsaminga av denne viktige saka!

På neste side er det oppsummert formål med kensesjonslova og verknader på ulike område.

Eg legg òg ved invitasjon til eit miniseminar (gratis) som AGRI Analyse arrangerer i lag med Norges Bondelag onsdag 3. desember i Oslo.

Frøydis Haugen
Leiar i Hordaland Bondelag

HORDALAND BONDELAG

